

Hordaland fylkeskommune  
v/Fylkesrådmann Rune Haugsdal  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Stavanger, 25. april 2014

## INFORMASJONSKAMPANJE OM HJERNESLAG

**For å informere om symptoma på hjerneslag og kor viktig det er å ringje 113 med ein gong, skal Helse Vest ha ein informasjonskampanje retta mot innbyggjarane i regionen.**

Informasjonskampanjen vil vere synleg i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordan i perioden 5. mai til 2. juni.

Kvar år blir om lag 16 000 nordmenn ramma av hjerneslag. Over 80 prosent av desse kjem så seint til sjukehuset at dei ikkje kan få den mest effektive behandlinga. Hjerneslag er ein av dei vanlegaste årsakene til invaliditet og til at pasientar hamnar på sjukheim. Slik treng det ikkje å vere. Sjukehuset kan gi effektiv behandling for å opne blodtilførselen til hjernen, slik at hjernecellene ikkje dør. Jo fortare den ramma kjem til sjukehus, desto større er sjansen for å unngå varige skadar. Å ringje medisinsk nødtelefon tidsnok kan derfor vere forskjellen mellom liv og død.

Dessverre er det altfor mange som ikkje er klar over dette. I staden for å ringje 113 ventar dei. Dei ser situasjonen litt an og venter på symptombetring. Her har vi ein stor folkeopplysningsjobb å gjere.

Saman med dette brevet finn du nokre plakatar og brosjyrar. Vi håper du vil hjelpe oss med å gjere dei godt synlege og lett tilgjengelege for pasientar og andre som er innom hos dykk. Det finst òg materiell for Hvilepuls dersom de ønskjer det.


Informasjonskampanjen, som skal vere i fire veker, skal vere sterk og tydeleg, og vi vil vere synlege på fleire ulike flater (nettstader, sosiale medium, aviser og andre medium, annonsar, plakatar, brosjyrar o.a.). Kampanjen er ein del av pasienttryggleiksprogrammet i Helse Vest. Effekten av kampanjen, målt både i kjennskap til symptom og i talet på pasientar som er behandla med trombolyse (blodpropoppløysande medisin), vil gi anbefalingar til vidare nasjonal satsing på området.

Vi trur plakatane og brosjyren vil overraske, vere tankevekkjande og kanskje òg provosere litt. Uansett håper vi dei er direkte nok på den viktige delen av informasjonen, slik at mottakaren faktisk sit igjen med den kunnskapen vi ønskjer.

Vi håper de vil bidra til å skape merksemd omkring og auke kunnskapen om symptom på hjerneslag og kor viktig det er med rask behandling. Meir informasjon og materiell finn de på nettsida [www.helse-vest/hjerneslag](http://www.helse-vest/hjerneslag).




Anne Grimstvedt Kvalvik



leiar for pasienttryggleiks-  
programmet i Helse Vest

Bente Aae



kommunikasjonsdirektør  
Helse Vest RHF